



Rosendal filmklubb viser LE HAVRE fredag kl.19.

Komande helg vert det film både fredag og søndag på Kino Oska i vertshuset på Sandakaien. Det er Rosendal filmklubb som inviterer til filmhelg. Første filmframsyninga der hadde klubben i romjula, og lokalet viste seg ypperleg eigna som ein intim og koseleg kinosal, og god lyd.

Frå kl.19 fredag viser Rosendal Filmklubb **LE HAVRE**, ein film full av varme og humor i den finske regissøren Aki Kaurismäki sin særeigne stil. Den vann publikum sine hjarter på filmfestivalen i Cannes. **LE HAVRE** er ein hyllest til franske filmar frå tidlegare tider, men er også eit håpefullt og aktuelt humanistisk verk.

Søndag kl.14 er det klart for barnefilm då Pixar-filmen **MODIG** vert vist. I **MODIG** møter vi den dyktige bueskyttaren Merida som er den impulsive dottera til kong Fergus og dronning Elinor. Fast bestemt på å gå sine egne veier i livet, trassar Merida ein eldgammal skikk som er heilag for dei høgrøysta landsherrane: Digre Lord MacGuffin, gretne Lord Macintosh og den krangleverne Lord Dingwall. Filmen er med norsk tale.

Dei som har vore på filmen søndag vil få 10% avslag på søndagsmiddagen som vert servert frå kl.15. Denne helga har ikkje uveret hindra kalvekjøtet i å kome fram så dermed kan Roy Lervåg frista med kalvefrikasè og dessert. Han beklagar at han ikkje kunne ta i mot alle som ville ha middag sist søndag, men han lovar større gryte denne helga. Han anbefaler gjester å bestille bord på førehand på telefon 918 64 091.

Elles vert det som vanleg kompletorsdag frå kl.15 og utover til kl.18 og lørdagscafé frå kl.12. Begge desse tilboda har blitt veldig populære.

De kan lesa meir om tilboda på Oska på facebook-sidene til **Smakifrå** og **Rosendal filmklubb**.



Rosendal filmklubb viser barnefilmen MODIG søndag kl.14

Tekst og nett: Thor Inge Døsland